

Eigengodkjent av kommunestyret i sak: 0110/04

Volda den 26.05.04

Adm.sjefen

REGULERINGSFØRESEGNER

REGULERINGSPLAN FOR ÅRNESET/BOTNASANDEN.

§ 1. Avgrensing

Reguleringsføresegnene gjeld for det området som på plankartet er vist med reguleringsgrense.

§ 2. Arealbruk

Areala innanfor desse grensene er regulert til:

Friområder

- Friområder *Årneset* (F1), *Botnasanden* (F2)
- Badeområder ved *Årneset* (F4) og *Botnasanden* (F5)

Offentlege trafikkområder

- Parkeringsplass (ved *Botnasanden*).

§3. Offentleg friområde. F1, F2, F4, F5

Områda skal nyttast til badeplass og anlegg i samband med tilrettelegging for friluftslivsaktivitetar. På område F1 kan det tilretteleggast for leik og idrettsaktivitetar som t.d. sandvolleyball.

Området F1 og F2 kan opparbeidast med turvegar og det kan gjennomførast vegetasjonsskjøtsel og terrengarbeid.

Det kan førast opp bygningar og anlegg som fremmar området sitt bruk som friområde.

På området F4 kan det gjennomførast fylling av masse i vatnet i samband med bygging av holme. Fyllinga skal ha ei avgrensning som vist i planen. Massefylling i samband med dette skal tilpassast omliggande terreng og det skal etablerast grønt markdekke og planting av stadeigen vegetasjon. Området skal nyttast til utviding av badestrandareal.

Området F5 skal nyttast til badeplass.

§ 5. Offentlege trafikkområder.

Område ved Botnasanden - markert på plankartet - skal nyttast til offentlig parkeringsplass.

§ 6. Generelt.

I nordenden av F1, ligg enkelte røyser. Ved bygging av veg og andre tiltak pliktar ein å søke å unngå konflikt med desse. Dersom tiltak som kan påverke desse vanskeleg kan unngåast skal ein ta kontakt med arkeolog hjå fylkeskonservator for avklaring av alder. Førreformatoriske kulturminne er automatisk freda etter kulturminnelova §§ 3 og 4 og er ikkje frigjevne gjennom reguleringsplanen.

Før arbeid etter planen tek til for dei overnemnde områda skal kommunen i samråd med arkeolog frå fylket ha utført ei avhjelpande oppmåling/kartfesting.

Det er ikkje høve til ved private servituttar å skipe tilhøve som er i strid med føresegnene.

Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld Plan- og bygningslova. Når særlege grunnar talar for det kan kommunen godkjenne mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av Plan- og bygningslova.